

Emnerapport RELV102 Jødedom, kristendom og islam

Semester: Haust 2015

Emneansvarleg:

Richard Johan Natvig

Lærarar på emnet:

Dag Ø. Endsjø, Lisbeth Mikaelsson, Richard Johan Natvig, Einar Thomassen.
Dessutan seminarleiarar: masterstudentane Hildegunn Eriksen og Wenche Rudi.

Undervisningsopplegget:

Forelesingar: 1 dobbeltime innføring i emnet, 7 dobbeltimar på kvar religion, 3 dobbeltimer med tema samanlikning, 1 dobbeltime eksmensførebuing. Vidare arbeidsseminar med skrivetrening (bl.a. obligatorisk innlevering av ei oppgave).

Pensum:

Pensum besto av tre oversiktsverk, og tre kjeldekompendium, nytt i dette semesteret. Innføring av det siste er i samsvar med merknader i siste programsensorrapport og fjarårets emnerapport.

Kommentarar til evt. tilbakemelding frå studentar, evaluering eller eksamensresultat:

Det blei gjennomført studentevaluering av emnet i samsvar med den vedtekne evaluatingsplanen for religionsvitenskap. I tillegg hadde emneansvarleg møte med seminarleiarane. Den eine av desse leverte i tillegg sin eigen rapport.

Studentevalueringa gav svært god tilbakemelding på emnet sett under eitt, og ikkje minst på forelesingane. Arbeidsseminara fekk derimot forholdsvis mykje kritikk. Frammøte til den ikkje-obligatoriske undervisninga (forelesingane) er dårlegare enn ønskeleg frå lærarsynspunkt, omkring 40 av 97 registrerte studentar. Både i reelt tal og prosentvis i høve til tal oppmelde var det fleire enn året før som fullførte eksamen: 82 (etter at éin trekte seg under eksamen). Eksamensresultata i dei to forrige semestra (2013 og 2014) var dårlegera enn tidlegare, gjennomsnitt D, mens det før (alle semestra frå og med 2008) var på C. Også i år blei gjennomsnittet D, men færre strauk: 7 av 82, mot i fjar: 9 av 58, og samtidig var det fleire som fekk A: 6 av 82 i år mot 0 av 58 i fjar.

Tiltak du vil vurdera for å forbetra undervisninga neste gong:

Studentevalueringa bekrefter at undervisningsinnsatsen til lærarane vert høgt verdsett. Nytt i dette semesteret var ei innføringsforelesing til emnet, og ei avluttande eksmensførebuande forelesing. Begge delar blei godt mottatt og vert opplevd av emneansvarleg som veldig nyttig. Det er ønskeleg å oppretthalda den noverande mengda undervisning i emnet så lenge det er ressursar til det.

Arbeidsseminara er ei større utfordring å få til å fungera godt. M.a. er det avhengig av gode lærarkrefter med ei viss erfaring og fagleg tyngde. Trass i den nokså sterke

kritikken av arbeidsseminara i studentevalueringa viser den same evalueringa at studentane ser på seminara som viktige, og eksamensvara viser også kor viktig skrivetreninga dei får i seminara er. Det hadde vore ønskeleg å kunna engasjera t.d. stipendiatar til dette arbeidet, event. fast tilsette lærarkrefter, men dette er eit ressursspørsmål.

Undervisningsfasilitetar:

Alt har fungert som forventa.